



Uskedalsungane er heldige som kan gå og spela på denne flotte banen når dei ønskjer det, seier Lars Johan Myklebust og Yngve Myhre.

**- Dette er eit skikkeleg løft for bygda. Heilt fantastisk!, uttala dei to største fotballprofilane frå Uskedalen, Yngve Myhre og Lars Johan Myklebust, då vi tok oss ein tur nedom den nye kunstgrasbanen, etter at vi først hadde hatt ein god prat i barndomsheimen til Lars Johan. Dei to er heime på ferie.**

- Det er så kjekt å følgja med på den imponerande dugnadsinnsatsen som vert gjort. Vi høyrer stadig at tida for dugnad er forbi, men Uskedalen viser gong på gong at det ikkje er tilfelle, sa Lars Johan som til dagleg held til i den belgiske storbyen Brussel, medan Yngve sa seg heilhjarta einig.

Dei to måtte sjølvstilt utpå banen og kjenna på underlaget. Dommen var god.

- Dette er ein bra bane, konstaterte dei to før Yngve la til. - Den er betre enn det gamle dekket på Fosshaugene Campus som det vart spela Tippeliga på i fjor. Han arbeidar til dagleg som medisinsk ansvarleg i denne toppklubben.

- Her har Uskedalen fått eit anlegg som legg forhoda godt til rette for både den uorganiserte og organiserte rekrutteringa til fotballen, er dei to einige om samstundes som dei syns planane for anlegget rundt banen er svært gode.

- Dette gjev eit mykje betre heilårstilbod, og gode treningsfasilitetar er heilt avgjerande

Yngve Myhre og Lars Joan Myklebust er barndomsvennene som har klart å gjera den viktigaste hobbyen sin, fotball, til jobb. Dei er jamngamle og gjekk i same klasse, ja, dei er til og med døypte i same vatn. Det tette vennskapet og den felles interessa for fotballen har følgt dei frå dei var små.

- Dagane bestod stort sett av skule, lekser og fotball, fotalde dei to, medan Yngve la til: - Etter skulen var det som regel opp her til Brekketoppen for å gjera lekser saman medan vi venta på Fretsy (bestemor til Lars Johan) sin lunsj. Etter lunsj var det fotball nede på skuleplassen.

Etter aktive år heime i Uskedalen vart det studiar i Bergen på begge to. Yngve studerte fysioterapi medan Lars Johan tok lærarstudiet. Begge tok på seg oppgåver i Brann i studietida.

- For meg begynte det med at eg heiv meg med som hjelpetrener for eit smågutelag der etterkvart velkjende Rolf Barmen var hovudtrener. Son hans og dagens A-lagsspelar Kristoffer Barmen var ein av spelarane på laget. Dette var vel i 2005, kunne Yngve fortelja om starten sin. Etter det vart det mange år i Brann-systemet, som

fysioterapeut og trener. Siste åra var han m.a. fysisk trener for det gode juniorlaget til Brann som også vart noregsmeister. Før denne sesongen vart han henta til Sogndal som medisinsk ansvarleg i klubben.

Lars Johan kom inn i Brann-systemet som trener for Brann 2 i ein sesong då dei hadde mange unge spelarar. Seinare vart han trener i hardtsatsande Norheimsund som for nokre år sidan var ein del av norsk toppfotball. Her samarbeidde han med John Mikal Gallefoss, og det var Gallefoss som sommaren 2014 anbefalte Lars Johan då den nye belgiske klubben BX Brussel trong folk i den sportslege avdelinga. Lars Johan har hatt ein spennande jobb i ein klubb som frå 2013 til no har vakse frå 0 til 1000 spelarar. Medan jobben i starten var mykje planlegging og kontorarbeid, er no ein større del på treningsfeltet. Truleg kjem Lars Johan no til å ta trenaransvar for U17-laget.

-Det er ein kjekk jobb fylt med opplevsalar, eg trivst godt i den belgiske kulturen, sa Lars Johan, men han la til at det også hadde sine utfordringar. Dette gjeld t.d. språket som er flamsk og fransk. Til sommaren reknar han med at han har fått godt tak på fransken.



Yngve og Lars Johan har mykje interessant å fortelja frå jobben med fotball i Sogndal og Brussel.

Eg kjenner til Sogndal sitt gode rykte når det gjeld treningsfasilitetar, og spør Yngve korleis det er for born og unge.

- Treningsfasilitetane for den organiserte aktiviteten i Sogndal Fotball er svært gode med Fosshaugane Campus og Sognahallen. Men for uorganisert aktivitet er ikkje tilbodet særleg godt. Ungane har ingen kunstgrasbane dei kan gå på utanom treningstidene. Det er vel ein ballbinge i Sogndal, så Uskedalsungane er heldige, var svaret. Lars Johan kunne fortelja at presset på banane i Brussel-området er svært hardt, og det kan vera vanskeleg å finna banar til alle laga. Derimot er det ein heilt annan fotballkultur i Belgia. Slik som Noreg er ein skinasjon, er Belgia ein fotballnasjon. Gatefotballen står sterkt i landet. Alle spelar fotball i gata, men dei treng ikkje vera med i organisert aktivitet.

I den samanheng fortalde han at klubben nyleg hadde arrangert ein gatefotballcup for innvandrarborn, heimlause og andre. I dei kampane oppdaga dei ein 15 åring som var eit usedvanleg stort talent. Han hadde aldri vore med i organisert fotball. 15 år gammal!!

Eg kunne ha prata lenge med dei to karane. Det er tydeleg at begge stortrivest i jobbane sine.

- Det er klart vi er heldige. Det er gøy på jobb kvar dag. Vi får leva av hobbyen vår.

Begge er inne i 2 års kontraktar. Lars Johan sin går ut til sommaren, medan Yngve har avtale ut neste år. Kva som skjer vidare er naturleg nok ikkje avklara. Det kan verta fleire år.

Ein framtdraum har dei og:

- Vi har snakka om at det kunne ha vore kjekt å ha vore i same klubb og fått arbeidd saman. Det har vi aldri gjort, avslutta dei to barndomskameratane vel vitande om at det krev tolmodighet, hardt og bevisst arbeid og nettverksbygging for å gjera hobbyen til jobb.

- Og så må ein kanskje ta litt sjansar, og ikkje alltid velgja det trygge!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.